



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for kultur

Møtedato: 27.08.2014

Sak nr.: 14/2413-6

Internt l.nr.: 26627/14

Sak: 41/14

Tittel: Drøfting av budsjett 2015 og 2016 og økonomiplan 2017 til 2019, Kultur

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Til hovudutvalssaka 23. september får fylkesdirektøren til oppgåve å synleggjere reduksjonar i budsjett 2015 og 2016 med fokus på og konsekvensane av å:
 - Avslutte bokbåtttenesta f.o.m. andre halvår 2015
 - Ikkje tilsette i ledige stillingar
 - Reduksjon i tilskot/overføringar
2. Følgjande moment skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet med synleggjering av aktuelle utgreiingar av langsiktige tiltak:
 -
 -
 -

Endringsframlegg:

Jan Olav Fretland, SV sette fram slik framlegg til tilleggspunkt:

Kulturutvalet vil minna om at det er særleg viktig å skjerma kulturen i ein kuttsituasjon. Kultur er og eit viktig element i satsinga på verdiskaping og folkeauke i fylket. Vi ber derfor om at det endelege kuttet på kulturen blir vesentleg mindre enn ramma frå finansutvalet.

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Kulturutvalet vil minna om at det er særleg viktig å skjerma kulturen i ein kuttsituasjon. Kultur er og eit viktig element i satsinga på verdiskaping og folkeauke i fylket. Vi ber derfor om at det endelege kuttet på kulturen blir vesentleg mindre enn utgreiingsramma frå finansutvalet. Utgreiingsramma på 17 mill. tilsvarar om lag 24 % av vårt samla budsjett, medan den samla inntektssvikten for fylkeskommunen er på rundt 10 %.

1. Til hovudutvalssaka 23. september får fylkesdirektøren til oppgåve å synleggjere reduksjonar i budsjett 2015 og 2016 med fokus på og konsekvensane av å:
 - Avslutte bokbåtttenesta f.o.m. andre halvår 2015
 - Ikkje tilsette i ledige stillingar

- Reduksjon i tilskot/overføringar
 - Tiltak retta mot barn og unge, slik som UPU, FTU og UKM skal skjermast (første fasen)
 - Omsyn til Sogn og Fjordane som nynorskfylke skal prioriterast
 - Tilskot til frivillig arbeid er høgt prioritert
2. Følgjande moment skal leggst vekt på i det vidare arbeidet med synleggjering av aktuelle utgreiingar av langsiktige tiltak:
 - Hovudpunkta i utkast til kulturstrategi vert lagt til grunn for utgreiingsarbeidet.
 - Konsekvensar av kutt til kulturinstitusjonane med statlege overføringar må vurderast spesielt.
 - Også område der fylkeskommunen forvaltar statlege ordningar, skal greiast ut.
 3. Dei kortsiktige tiltaka gir ikkje nødvendigvis følgjer for dei langsiktige kutt.

Avrøysting:

Hovudutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Kulturutvalet vil minna om at det er særleg viktig å skjerma kulturen i ein kuttsituasjon. Kultur er og eit viktig element i satsinga på verdiskaping og folkeauke i fylket. Vi ber derfor om at det endelege kuttet på kulturen blir vesentleg mindre enn utgreiingsramma frå finansutvalet. Utgreiingsramma på 17 mill. tilsvarar om lag 24 % av vårt samla budsjett, medan den samla inntektssvikten for fylkeskommunen er på rundt 10 %.

1. Til hovudutvalssaka 23. september får fylkesdirektøren til oppgåve å synleggjere reduksjonar i budsjett 2015 og 2016 med fokus på og konsekvensane av å:
 - Avslutte bokbåttene f.o.m. andre halvår 2015
 - Ikkje tilsette i ledige stillingar
 - Reduksjon i tilskot/overføringar
 - Tiltak retta mot barn og unge, slik som UPU, FTU og UKM skal skjermast (første fasen)
 - Omsyn til Sogn og Fjordane som nynorskfylke skal prioriterast
 - Tilskot til frivillig arbeid er høgt prioritert
2. Følgjande moment skal leggst vekt på i det vidare arbeidet med synleggjering av aktuelle utgreiingar av langsiktige tiltak:
 - Hovudpunkta i utkast til kulturstrategi vert lagt til grunn for utgreiingsarbeidet.
 - Konsekvensar av kutt til kulturinstitusjonane med statlege overføringar må vurderast spesielt.
 - Også område der fylkeskommunen forvaltar statlege ordningar, skal greiast ut.
3. Dei kortsiktige tiltaka gir ikkje nødvendigvis følgjer for dei langsiktige kutt.

